
Fra: Øyvind H Oddekalv
Sendt: 7. september 2018 09:54
Til: 'holsen.randi@gmail.com'
Emne: SV: 18/17430 Spørsmål til ordføreren - mindre biltrafikk med bedre båttilbod til Bergen

Randi Holsen

Eg viser til e-post send til postmottak@meland.kommune.no i slutten august, og takkar for at du tar opp ei viktig sak. Eg er heilt einig i at eit betra båttilbod mellom Bergen og Nordhordland vil kunne redusere biltrafikken inn mot Bergen sentrum. Eit betra kollektivtilbod generelt, og auka båttilbod spesielt, er ei løysing som eg har høgt på lista, saman med innfartsparkering på kollektivknutepunkt (t.d. Frekhaug, Flatøy og Knarvik).

Dette er m.a. noko vi har fokus på i dei pågåande byvekstavtaleforhandlingane mellom Staten, Hordaland fylkeskommune, Bergen kommune og omlandskommunane. Her er det Lindås kommune som er den formelle forhandlingsparten frå vår region, men Meland kommune er invitert inn i styringsgruppa og forhandlingsutvalet til Lindås.

Det er ikkje kommunane som har ansvaret for kollektivtrafikken, det er det Hordaland fylkeskommune som har. Mi og dei andre politikarane i Meland kommune si oppgåve er å påverke fylkespolitikarane i dei vala dei gjer som gjeld kollektivtrafikken. Dette er ei viktig oppgåve og vi har fleire kanalar som blir brukt til dette, både formelle og meir uformelle. Eg viser til at det i siste budsjetttrunde i fylkeskommunen vart løyvd kr 1,5 mill. ekstra til båten mellom Bergen og Nordhordland, men at dette vart seinare brukt til å auke ruteproduksjonen på buss. Eg vil arbeide vidare for å betre båttilbodet og opplever stor støtte for dette blant politikarane i Meland.

Meir miljøvenlege løysingar for båtruta er noko som blir vurdert av fylkeskommunen, spesielt når ein skal lyse ut nytt anbod for båtruta. I *Trafikkplan båt* frå november 2017 er det særleg framtidig hydrogendrift som blir framheva, og det er ulike grunnar til at ein finn elektrisk drift som teknologisk krevjande (m.a. rutelengd og ruteplan). Eg tenkjer at den teknologiske utviklinga går fort og at det er viktig å ha stort fokus på fleire ulike løysingar som gir ei meir miljøvenleg båtrute mellom Bergen og Frekhaug/Knarvik, inkludert ei framtidig elektrisk drift (t.d utviklinga av Urban Water Shuttle som NCE Maritime CleanTech står bak).

Beste helsing

Øyvind H Oddekalv
ordførar



56 17 10 00 | 56 17 10 25 | Mob: 913 17 450
oyvind.oddekalv@meland.kommune.no | www.meland.kommune.no

[Sjå brosjyren vår](#)

 **Tenk på miljøet før du skriv ut denne e-posten.**

Fra: Øyvind H Oddekalv

Sendt: 22. august 2018 14:51

Til: Øyvind H Oddekalv

Emne: 18/17430 Spørsmål til ordføreren - mindre biltrafikk med bedre båttilbod til Bergen

Sjå vedlegg